

BACHELOROPPGÅVE

Omsorgskvalitet, ein føresetnad for god tilknytingsprosess og utvikling av god psykisk helse hjå barnehagebarn

av
kandidatnummer: 216

Karianne Fossheim

Barnehagelærerutdanning

BLU3-1006

Januar, 2017



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

kandidatnummer 216 Karianne Fossheim

JA ___X NEI ___

kandidatnummer og namn

JA ___ NEI ___

kandidatnummer og namn

JA ___ NEI ___

Innhold

1	Innleiing	1
1.1	Bakgrunn for val av tema	1
1.2	Avgrensing og problemstilling	2
2	Metode	2
2.1	Metodisk val	3
2.2	Metodisk gjennomføring	4
2.3	Analyse og kjeldekritikk	5
2.4	Reliabilitet og validitet og kjeldekritikk	6
2.5	Etiske omsyn	6
3	Teori	7
3.1	Tilknytningsteori	7
3.2	Tilknytingsåtferd	8
3.3	Trygghet	9
3.4	Trygg og utygg tilknytning	9
3.5	Tilknytingsforståelse og omsorgskvalitet i barnehagen	10
3.6	Omsorg og omsorgskvalitet	11
3.7	Omsorgssvikt	12
3.8	Psykisk helse	13
4	Empiri	14
4.1	Omsorg og omsorgskvalitet i barnehagen	14
4.2	Tilknytning og barns utvikling av tilknytingsåtferd	15
4.3	Trygghet og trygge rammer	16
5	Drøfting	17
5.1	Personalet si bevisstheit knytt til profesjonell omsorg og omsorgskvalitet	17
5.2	Personalet si rolle i barns utvikling av trygghet og tilknytingsåtferd	18
5.3	Personalet si rolle i barns utvikling av god psykisk helse	19
5.4	Samanheng mellom personelet si bevisstheit av eigen rolle og betydninga av den sett i lys av faktorar for å styrke eit barns utvikling av god psykisk helse	21
6	Konklusjon	22
7	Referanser	24

Vedlegg 1- Intervjuguide pilotstudie

Vedlegg 2- Intervjuguide

Vedlegg 3- Informasjonsskriv

1 Innleiing

I denne oppgåva har eg valt å ta føre meg tilknytingsprosessar, omsorgskvalitet og utvikling av god psykisk helse knytt til dei minste barna i barnehagen.

Oppgåva er bygd opp på ved at eg først gjer greie for val av tema, avgrensing og problemstilling i kapittel 1. Deretter, i kapittel 2 som omhandlar metode, gjer eg greie for metodisk val og gjennomføring, vidare skriv eg om analyse og bearbeiding av data, for så å drøfte omgrepa reliabilitet og validitet. Til sist tar eg her føre meg etiske omsyn. I kapittel 3 viser eg min bruk av relevant teori før eg i kapittel 4 empiri presenterer eigen erfaring gjort i intervju. Eg gjer deretter bruk av relevant teori og erfaring i drøftinga i kapittel 5, før eg avsluttar oppgåva i kapittel 6.

1.1 Bakgrunn for val av tema

Aldri før har så mange små barn gått i barnehagen. Ifølgje statistisk sentralbyrå (SSB) er det registrert at 80,7 % av 1-2 åringar går i barnehage i 2015 (Statistisk sentralbyrå [SSB], 2016).

Det er kjent at det krev ein trygg og god tilknytingsprosess mellom barnet og omsorgspersonene for å sikre barnet ein god psykisk helsetilstand seinare i livet. Kravet til foreldre blir stadig større i dagens samfunn. Nokon ynskjer, medan andre må, på bakgrunn av økonomiske årsaker være yrkesaktive. Foreldrepermisjonen er slutt etter 12 månadar og mange familiar er avhengige av å ha to inntekter og har derfor ikkje eit reelt val om å utsette barnehagestarten. Dette resulterer i at fleire og fleire barn startar tidleg i barnehagen, gjerne før fylte 1 år. Barn som tidlegare fant omsorg og trygghet hos foreldre eller hos dagmamma, er no plassert i forholdsvis store grupper i barnehagen der dei må forhalde seg til fleire og gjerne skiftande personell. Det kan og vere lange dagar for små barn som kan vare meir enn 9 timar frå kl. 07.00 om morgonen og fram til kl. 16.30 på ettermiddagen. Dette har gjort at det dei siste åra har vore sett fokus på dei minste barna og kor vidt barnehagen utgjør ein risiko for deira tilknytingsprosess. Forsking har vist at ein dårleg tilknytingsprosess kan få alvorlege konsekvensar for barna seinare i livet. Dette blant anna i form av relasjonsskade, angst- og depresjonstilstander og/eller alvorlege psykiske lidingar (psykoselidningar). På denne bakgrunn har vi etter kvart sett at det faglege fokuset i barnehagane meir har vore retta mot korleis ein kan sikre god barnehagekvalitet for småbarn. Noko som gjenspeglar seg i utarbeiding av ny rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

Barnehagen er i større grad tillagt eit oppdragsansvar og får slik eit stadig sterkare samfunnsmessig betydning. Regjeringa har, spesielt etter at retten til barnehageplass trådde i kraft i 2009, satsa stort på barnehagen. Både Meld.St. 41- «Kvalitet i barnehagen» og Meld. St. 24 – «Framtidens barnehage», legg vekt på kvalitet i barnehagen. Stortingsmelding 41 legg også vekt på viktigheten av

å ha stabile vaksne med god kompetanse om barn og deira behov. Vidare kan ein lese at kjenneteikna på ein god kvalitetsbarnehage er at alle barn får omsorg og oppmuntring og blir sett kvar dag. Det er barnehagepersonellet si oppgåve og gje omsorga og tryggleiken for barna. Slik sett er desse barnehagen sin viktigaste ressurs - og det er då ein føresetnad at det nok av dei (Kunnskapsdepartementet, 2009).

Med utgangspunkt i psykologisk forskning veit vi at perioden mellom 1-3 årsstadiet er ein sårbar fase for barnet - spesielt med tanke på fare for skeiv/feilutvikling om tilknytningsprosessen blir forstyrra. Tilknytingsrelatert forskning viser også samanheng mellom ei utrygg tilknytning i barnehagen og psykososiale vanskar hos ungdom og vaksne. Warren m.fl. seier mellom anna at barn med tidleg uttrygg tilknytning synes å stå i fare for å utvikle angstproblematikk i tenåra, barn med desorganisert tilknytning til foreldrene er særlig økt risiko for å utvikle sosiale problemer og alvorlege atferdsvansker seinare i livet. (Drugli, 2014, s. 43)

1.2 Avgrensing og problemstilling

Med utgangspunkt i bakgrunn for val av tema har eg kome til følgande problemstilling:

Korleis kan pedagogisk leiar i barnehagen skape gode rammer for barn si psykiske helse?

Øyvind Kvello (2015) har ein definisjon på psykisk helse i boka *Barn i risiko*; «Til god psykisk helse regnes dimensjoner slik som positive emosjoner og positiv tenkning, tilfredshet, sosial tilhørighet, kompetanse og autonomi (sjølvstendighet)» (Kvello, 2015, s. 160).

Oppgåva mi avgrensa til å omhandle dei minste borna då fokuset er føresetnadar for å sikre barn sin psykiske helse – og den er avhengig av ein god tilknytningsprosess – spesielt i åra 0-3 år. Barna er i denne fasen sær sårbare med tanke på fare for skeivutvikling. Omgrepet «små barn» brukast i oppgåva om barn som er rundt 1-3 år. Med dette som utgangspunkt vil eg i teoridelen sei noko om tilknytingsåtfærd og tilknytningsteoriar, tryggleik, omsorg og omsorgskvalitet, omsorgssvikt og psykisk helse.

2 Metode

Eg har valt å dele inn metode kapittelet mitt i 5 delar, der eg først gjer greie for val av metodikk, forankra i relevant teori. For så å beskrive korleis eg har gjennomført undersøkinga, mitt analysearbeid og deretter sei noko om oppgåvas reliabilitet, validitet og kildekritikk. Avslutningsvis tar eg føre meg etisk omsyn ved oppgåva mi.

Innleiingsvis påpeikar eg at oppgåva er avgrensa i tråd med størrelse og tid til utarbeiding. Det gjer at eg kan ha gått glipp av relevant informasjon, og elles at eg ikkje har hatt moglegheit til å innlemme alle aktuelle tema, og all relevant teori i mitt analytiske arbeid.

2.1 Metodisk val

Eg vil her gjere greie for mitt val av metode i oppgåva. Jacobsen (2015) at det finnst ulike undersøkings design som passar til ulike problemstillingar (Jacobsen,2015). Etter å ha sett meg inn i kvalitativ og kvantitativ metodikk, har eg vurdert den kvalitative metoden som godt egna for å sikre svar på problemstillinga: *Korleis kan pedagogisk leiar i barnehagen skape gode rammer for barn si psykiske helse?*

Ringdal (2014) påpeikar at ein kan nytte kvalitativ og intensiv design når ein skal gå i djupna på eit spesifikt fenomen. Denne metodikken baserer seg på tekstdata, og tar føre seg tekstlige beskrivingar, for eksempel frå intervju (Ringdal, 2014). Med intensive design studerer ein relativt få enheter og med uttrykket «å gå i djupna» meinast det å få fram den enkelte si forståing og fortolking av eit fenomen. Det er også viktig å få fram så mange nyanser og detaljar som mogeleg (Jacobsen, 2015, s. 55). Den kvalitative metodikken gjer dette mogleg mellom anna gjennom samtalar med informantar. Slike kvalitative data beskriv Jacobsen (2015) som data i form av ord, uttrykk og setningar. Eg har i oppgåva hatt ønskje om å sikre meg informasjon frå personar som har kjennskap til det eg ønskjer å undersøke. Når det kjem til utval av menneske, skil vi mellom informant og respondent. Informantar representera ikkje sjølv gruppa vi undersøker, men har god kunnskap om fenomenet (Jacobsen, 2015, s. 114). Jacobsen (2014) kallar det å fokusere på ein spesiell enhet for case-studie. Dette kan avgrensast både i tid og rom, med det meinast det at avgrensinga kan skje i forhold til ein spesiell stad, der ein kan studere enheter på ulike nivåer. Jacobsen (2014) kallar ein case på eit høgare nivå for kollektiv enhet, som kan være ei gruppe, ein organisasjon eller ein kommune. Innad i ein organisasjon finnst det ulike grupper, pedagogiske leiarar er eit døme på det. Slik har eg avgrensa casen i eit rom, ein spesiell barnehage, men også tid.

Den kvalitative metodikken opnar opp for ei rekke datainnsamlingsteknikkar, til dømes intervju, observasjon og dokumentstudie. Samtaleintervju er ein fleksibel intervjuform, der forskar og informant møtest ansikt til ansikt (Ringdal, 2014, s. 27). Gjennom samtaler kan menneska utrykke seg enten munnleg eller skriftlig. Den som blir undersøkt skal få utrykke seg på sin måte, og med egne ord. Den undersøkte bør ikkje legge føringar på den informasjonen som blir samla inn (Jacobsen, 2015, s. 56). I dette ligg at innhenta data i kvalitativ metodikk er svært rik på detaljer og opplysningar noko Jacobsen (2015, s.56) peikar på. Ramma som intervju vert gjennomført i er og av betydning. Om dette seier Jacobsen (2015) at det er viktig med eit naturleg miljø for den som vert intervjuet,

grunna at konteksten som intervjuet foregår i kan påvirke innhaldet i intervjuet (Jacobsen, 2015, s. 92).

Når ein er ferdige med intervju og transkriberings prosessen sit ein att med mykje rådata som skal analyserast. Jacobsen (2015) viser til ulike tilnærmingar til kvalitativ analyse; Innholdsanalyse og narrativ analyse. Med innholdsanalyse meinast det at ein tekst blir delt inn i temaer eller kategorier, for så å bli samanlikna (Jacobsen, 2015, s. 126). Denne tilnærminga brukte eg når eg vidare skulle systematisere og analysere mine data.

Den innsamla dataen vart gjenstand for analyse knytt til relevant teori. Det er denne analysen, gjennom synleggjering av empiri og mi drøfting som dannar grunnlaget for mi oppsummering og konklusjon i oppgåva/ svar på mi problemstilling avslutningsvis i siste del av oppgåva.

Felles for dei ulike tilnærmingane til analyse er at ein vekslar mellom å analysere delar og å sjå delane i ein større heilhet/samanheng. Jacobsen (2015) seier at fleire kallar denne tilnærminga for den hermeneutiske analyse. Vidare forklarar han at analysen har ein «spiralform», ofte kalla for den hermeneutiske sirkel.

2.2 Metodisk gjennomføring

Eg vil her seie noko om mi metodiske tilnærming til oppgåva. Eg valte å samle inn kvalitative data gjennom samtaleintervju. For å sikre meg informasjon valde eg å gjere nytte av intervju av 3 tilsette i same barnehage. Eg nytta meg då av følgjande seleksjonskriterie: dei måtte arbeide som pedagogisk leiar på småbarnsavdeling, og ha relevant utdanning, til dømes vere utdanna førskulelærar eller barnehagelærar. Barnehagen måtte være geografisk tilgjengelig og ha tre småbarnsavdelingar, grunna at eg ønskte å ha fokus på, og studere ein spesiell enhet. Innleiingsvis utarbeida eg ein intervjuguide som vart kvalitetssikra av min rettleiar. Intervjuguiden innehaltdt 23 spørsmål innanfor temaene omsorg, tilknytning og trygghet (vedlegg 1). Eg gjennomførte ein pilotstudie med ein pedagogisk leiar. Hensikta var å undersøke om spørsmåla eg på førehand hadde laga fungerte og gav meg nyttig informasjon for å belyse tema og svare på problemstillinga mi, og eventuelt avdekke manglar og svakheiter i intervjuguiden. Når pilotstudie var gjennomført vurderte eg spørsmåla og fant ut at det var fleire ulike spørsmålsformuleringar som gav meg tilsynelatande like svar. Dette førte til at eg gjorde nokre endringar, og den endelige intervjuguiden inneheldt 18 spørsmål, der nokre av spørsmåla har oppfølgingsspørsmål a, b, c osv. (vedlegg 2).

Eg erfarte at det å innhente kvalitative data ikkje berre er tidkrevjande, men og inneber ein massiv og detaljert informasjon som skal handsamast. Av den grunn tok eg eit val om å avgrense forskingsprosjektet ved å studere 1 enhet. Eg har konsentrert meg omkring fenomenet knytt til ein spesiell stad. Dette gjev meg ei forståing av samspelet mellom det personane opplever og konteksten

det skjer i. På same tid kan eit slik kvalitativ og intensivt design med case studie innebere problem med den eksterne gyldigheten, grunna det er vanskeleg å sei om det eg finn ut er representativt for andre enn dei eg har undersøkt.

For å skaffe hovudinformatar tok eg kontakt med ein kommunal barnehage med fleire småbarnsavdelingar. Eg møtte personlig opp og snakka med tre pedagogiske leiarar. Når dei, etter informert samtykke, aksepterte å stille opp som informantar sendte eg ut informasjonsskriv til dei og vi avtalte tidspunkt for intervju (vedlegg 3). Det var viktig for meg at informantane arbeidde med barn i alderen 1-3 år, då eg meinte dei kunne gje meg relevant og interessant informasjon i forhold til problemstillinga. Alle tre jobbar i same kommunale barnehage, men på ulike småbarnsavdelingar. Slik sett får eg innsikt i om det er samanheng og lik forståing av fokus, visjonar og eksisterande «praksis» i organisasjonen. Dette er i tråd med det Jacobsen (2015) seier om case studie (2015, s., 58).

Dei tre pedagogiske leiarane blei intervjuet individuelt, og intervjuet blei gjennomført i barnehagen til informanten. Slik sett oppnådde eg ein trygg og faglig relevant ramme, og erfarte å få den ønskelige kontakten med informanten. For å sikre at eg under transkribering ikkje skulle gå glipp av viktig informasjon nytta eg meg av lydopptakar under intervjuet. Tilsvarande valde eg for samtlige 3 intervju, allereie dagen etter dei var gjennomført, vart dei transkriberte. Dette då eg hadde dei friskt i minne. I følgje Jacobsen (2014) er dette med på å sikre informantane sine svar, vere tru mot svara og gi mindre rom for feiltolking. Lyd opptaka vart sletta etter at intervjuet var transkribert.

2.3 Analyse og kjeldekritikk

Etter ein tidskrevande skriveprosess satt eg med mykje detaljert datamateriale. Dette vart grunnlag for analysearbeidet av funn, relevant og utvalt teori og sett i samanheng, som igjen danna grunnlaget for oppsummering, mine tolkingar og diskusjonar fram mot å svare på problemstillinga mi.

Dette er i tråd med det Jacobsen (2015) fortel om analyse av kvalitative data. Han seier at all kvalitativ analyse startar med ei samling av rådata, og etter kvart skal dataen strukturerast. For å få oversikt må ein dele opp heilheten, slik eg gjorde ved å dele inn i temaer. Denne teknikken kallar Jacobsen (2015) for innholdsanalyse. Deretter seier han at for å sjå delane i lys av heilheten må ein samanlikne fleire intervju, og sjå på kva som skil dei, og kva dei har til felles (Jacobsen, 2015).

Arbeidet med denne oppgåva har vore ein lærerik prosess for meg. Først og fremst har den bidrege til større kunnskap om vilkåra/rammene barnehagen har i sitt arbeid med, rundt og for barn. Ikkje minst har min forforståelse på feltet fått ein tiltrengt og positiv tilførsel gjennom kunnskapen eg har tileigna meg om lovkrav og nasjonale føringar på feltet – og dei moglegheitene dette gjer for å sikre kvalitet i barnehagane. Prosessen har og medført at eg i dag er meir reflektert rundt dei ulike

problemstillingane som arbeidet med dei minste medførar – og aller mest spørsmål knytt til konsekvensar av dårleg omsorg for barn. I dette ligg forståinga av kor viktig det er stadig å stille spørsmål om kvaliteten i omsorgs- og trygghetsarbeidet rundt barn – for slik å stadig bli betre.

2.4 Reliabilitet og validitet og kjeldekritikk

Her vil eg gjere greie for to viktige omgrep, reliabilitet og validitet. Ringdal (2014) fortel at reliabilitet, også kalla pålitelegheit, går på om gjentatte målingar med same måleinstrument gjev det same resultatet, og om det er muleg å gjennomføre same undersøking og bruke same spørsmål og metode seinare, av andre (Ringdal, 2014). For å sikre oppgåva si reliabilitet har eg gjort bruk av anerkjent metodikk, som gjev rom for overprøving, og gjer at undersøkinga let seg gjennomføre seinare av andre med tilsvarande resultat.

Validitet, også kalla gyldighet, er i følge Ringdal (2014), knytt til spørsmål og svar, og ikkje minst tolking og analyse av svar og funn. Og går ut på om ein eigentleg måler det ein faktisk ynskjer å måle (Ringdal, 2014). Også her har eg gjennom anerkjent metodikk, utarbeida ein intervjuguide som blei kvalitetssikra av veileidar. Eg har stilt dei same spørsmåla til alle som vart intervjuet, og hatt same tilnærming til analyse, tolking og funn. Eg nytta meg av lydopptakar under intervjuet, og transkriberte intervjuet i etterkant, som vil sei at eg skreiv av ordrett det som vart sagt på lydopptaket. Dette er med på å sikre informantane sine svar, og gjev mindre rom for feiltolking. Eg forsøkte på denne måten å være tru mot data og få meir valide funn gjennom informantane sine svar. Vidare var dette også viktig når eg skulle synleggjere informantane sine «stemmer» gjennom sitat i empiri, utan å fortolke.

Eit kvalitativ og intensivt design med case studie kan innebære problem med den eksterne gyldigheten, grunna at det er vanskeleg å sei om det eg finn ut er representativt for andre enn dei eg har undersøkt (Jacobsen, 2015).

2.5 Ethiske omsyn

Eg vil her gjere greie for ulike etiske omsyn knytt til bachelorprosjektet mitt. Ringdal (2014) definerer etikk slik; «Etikk er læren om moral, om hva som er rett og galt» (Ringdal, 2014, s. 452). Jacobsen (2015) fortel at det er fleire etiske aspekt å ta hensyn til når det kjem til sjølve undersøkinga. Vidare påpeikar han tre grunnleggande krav, som han meiner forskar bør forsøke å tilfredstille når ein skal intervjuet andre menneske. Det første er informert samtykke, som betyr at den som deltar i undersøkinga skal delta frivillig og forstå korleis dataen skal nyttast. Dette har eg ivare tatt gjennom informasjonsskriv og informasjon til informantane i forkant av intervjuet (Vedlegg 3). Vidare har all identifiserande informasjon blitt endra i tråd med informantens rett til personvern, slik Jacobsen (2015) seier er viktig. Fordi eg intervjuet eit lite antall undersøkingsobjekt og fordi desse arbeider i same barnehage, har eg iverksett ekstra anonymiseringstiltak, slik at det ikkje skal være mulig for

utanforståande å identifisere enkeltpersonar i datamaterialet. Eg oppgjer ikkje personlege opplysningar som alder og kjønn. Vidare i oppgåva vel eg og kalle undersøkingsobjekta for informantar. I presentasjon av empiri er informantane koda. Dei vert kalla informant 1,2 og 3. Å kvalitetssikre spørsmåla i undersøkinga var viktig med bakgrunn i problemstillinga, det var også avgjerande at eg ikkje utforma spørsmål som gav meg sensitive opplysningar, og som kunne identifisere barn og foreldre med uttalte vanskar.

Riktig presentasjon av data er også viktig understrekar Jacobsen (2015). Intervjuar skal ikkje forfalske data, og i så stor grad som mulig gjenfortelle resultatata fullstendig og i riktig samanheng (Jacobsen, 2015). Dette har vore viktig for meg gjennom transkriberingsprosessen og seinare i oppgåva i forhold til presentasjon av empiri. Sjølv om eg har vore dette bevist, er det viktig å påpeike at både tilfeldige og systematiske målefeil ha oppstått, og påverke korleis eg har tolka og analysert svara som informanten har gitt. Eg kan også ha påverka informantane ved å ha stilt leiande spørsmål, eller informantane kan ha vridt på sitt svar i ei retning som vedkommande trudde var ønskelig.

3 Teori

I denne dele vil eg presentere teori eg meiner er relevant i forhold til problemstillinga: *Korleis kan pedagogisk leiar i barnehagen skape gode rammer for barn si psykiske helse?*

Svein Thysen definerer omsorg som «det å bry seg om og ta vare på andre menneskers beste» (Askland, 2013, s. 58) , og han utdjupar det ved å sjå på omsorg som ei verksemd der ein møter behova som eit anna menneske har. Ein ganske lik definisjon finner vi hos Astrid Bastiansen: «Med omsorg mener vi å gi hjelp og støtte til menneske i deira livssituasjon eller å fremme utviklingen deres». Disse to definisjonane fortel oss at omsorg har fleire perspektiv: fysisk, psykisk og etisk (Askland, 2013).

3.1 Tilknytningsteori

Tilknytningsteori syner oss det faktum at barn har essensielle behov. Dei treng ikkje berre mat og beskyttelse, men emosjonell varme, nærleik, trøyst, utvikling av sjølvfølelse og sjølvstendighet. Dei trengje å føle at verden er ein god stad å vere (Powell, Cooper, Hoffman, & Marvin, 2015, s. 37). Drugli (2014) seier i boka: *Liten i barnehagen* at tilknytning handlar om at barnet raskt må knytte seg til nokon som kan ta hand om det, og at dette først og fremst er foreldrene. Vidare viser ho til Smith (2002) som meina at små barn knyter seg til personer som er stabilt tilstede i livet deira, som gjev dei fysisk og emosjonell omsorg og som er villige til å inngå i ein positiv, nær og forutsigbar relasjon til dei (Drugli, 2014, s. 21). Små barn lagar seg tilknytningshierarki, det vil sei at ein person står på toppen, men barnet har også trygg tilknytningsrelasjon til fleire personer. Drugli (2014) viser til

Bolwby (2007) som utrykkjer at det å ha sækundere tilknytningsrelasjonar, i tillegg til primære tilknyttingspersonar, synast å fremme barns trivsel og psykiske helse (Drugli, 2014).

John Bowlby (1907-1990) er kjent for dannelsen av tilknytningsteori. Teorien omhandlar viktigheten av den følelsesmessige tilknytninga til dei primære omsorgspersonane, og mulige konsekvensar ved tidlig adskillelse frå dei. Tilknytningsteorien forklarar korleis barna knyter emosjonelt band først til dei næraste omsorgspersonane, deretter andre, vidare meiner han at barna er født med ein beredskap for tilknytning og at tilknytning er eit åtferdssystem. Åtferda omfattar både signaler som smil, gråt, suging, etterføging og klynging (Askland & Sataøen, 2013, s. 64). «Trygg base» er ein sentral faktor i tilknytningsprosessen, ifølgje Bowlby. Det vil sei at barnet har ein trygg tilknytningsperson som barnet opplever som varm, tilgjengelig, lydhøyr, sensitiv og responsiv (Askland & Sataøen, 2013).

Barn er biologisk predisponert til å bruke tilknytningspersonane som ein base som dei kan utforske frå og bruke som beskyttelse når de føler seg truet, ifølgje Killèn (2012, s. 32). «Barn utvikler organiserte strategier, tilknytningsmønster, for å hanskas med stress ved adskillelse, sykdom eller andre stressfulle situasjonar» (Ainsworth et al. 1978, Main 1995) (Killèn, 2012, s. 32). På grunnlag av samspels erfaringane, så sant dette går over lenger tid, danner barnet «en indre arbeidsmodell» av den emosjonelle kontakten (Askland & Sataøen, 2013, s. 64) Disse indre arbeidsmodellane blir ein viktig del av personlighetsutviklingen og barnet vil seinare i livet kjenne att samhandlingsmønstra. Erfaringar av stor betydning er samspelet i situasjonar der barnets tilknytningsåtferd blir aktivert. Situasjonar der barnet til dømes blir lei seg, redd eller usikker. Drugli (2014, s. 25) referer til Smith, som hevder at det er utifrå korleis foreldre reagerer på barnets åtferd, at barnet danna seg forventningar til hensiktsmessig respons frå andre. Positiv respons frå sine nære omsorgspersonar, vil gje barn som er tryggare i si utforsking av omverda enn andre barn, nettopp fordi barnet veit at dei vil få den hjelpe dei treng ved behov. Slik sett utviklar disse barna ein positiv sjølvfølelse, samt en følelse av eigenverdi, fordi dei er vant til å bli tatt på alvor i møte med andre (Drugli, 2014, s. 25). Barnet vil kunne bruke disse modellane som utgangspunkt vidare inn i livet (Askland & Sataøen, 2013, s. 65). Tilknytning spelar ei viktig rolle i barns psykologiske utvikling og velferd, men har også ein nøkkelrolle i voksnes emosjonelle helse gjennom heile livet (Powell m.fl, 2015, s.20).

3.2 Tilknytningsåtferd

Ifølgje Bolwby skil ein mellom varig tilknytning og tilknytningsåtferd. Varig tilknytning er den tilknytninga som skjer med dei primære omsorgspersonane, medan tilknytningsåtferd er åtferd barnet viser for fleire menneske i ulike situasjonar (Askland & Sataøen, 2013). Tilknytningsåtferd er når barnet viser ulike former for åtferd i situasjonar der dei føler seg trua, for å holde på kontakten med tilknytningspersonen. Barnehagepersonale møter foreldre og barn i lag i hente og bringe situasjonar. Adskillelse og gjenforeningssituasjonane kan være stressa for både foreldre og barn, og det er i disse

situasjonane at barnet viser sine tilknytingsstrategiar. Barnet utviklar organiserte strategiar for å handtere stress ved tildømes adskillelse. Ei rekke studier (Badanes, Dmitriera og Watamura 2012; Philips, Fox og Gunnar, 2011; Geoggroy mfl., 2006; Vermeer og van Ijzendoorn, 2006) har vist at barn får stressreaksjoner av å være i barnehagen. Det framgår av studiene at stressande situasjonar oppstår når barnet ikkje har kontroll over det som skjer og der det ikkje er nære vaksenpersonar som kan støtte og berolige dei. På kort sikt hevdes det at eit høgt cortisolnivå vil kunne hjelpe eit barn til å takle vanskelige situasjonar, derimot vil eit høgt cortisolnivå på lang sikt, påføre barnet ulike former for problem. Eit forstyrra cortisolnivå vil sannsynlegvis vil påverke utviklinga av hjernen (Bolwby, 2007). I andre studier (Laupien mfl., 2009) er det funnet at forhøga stressnivå over tid kan føre til endringar av hjernestrukturen som har med hukommelse, læring og psykisk helse å gjere (Drugli 2014, s. 62).

3.3 Trygghet

For barn handlar omsorg i stor grad om å kjenne seg trygg. «Trygghet definerer oss, enten vi har den eller ei» (Powell, Cooper, Hoffman, & Marvin, 2015, s. 41). «Nære og trygge relasjonar er nøkkelen til sunn utvikling, sjølvtilitt i voksen alder, tilfredsstillande kjærlyghet og mykje meir» (Powell et al., 2015, s. 41). Det er heilt nødvendig og livsviktig, allereie for spedbarn (Powell et al., 2015). Barnet føler trygghet når de har ein primær omsorgsperson som alltid gir trøst og beskyttelse (ein trygg havn) og oppmuntring (ein trygg base å utforske frå) (Powell et al., 2015, s. 46). Dette betyr at den som representerer trygghet for barnet, må være forutsigbar og stabil. Dersom barnet ikkje veit kva slags reaksjonar de får av omsorgspersonen, vil ikkje barnet ha ein følelsemessig trygg base (Askland, 2013, s. 62). Trygg base og sikker havn er viktige omgrep i «The circle of security» eller Trygghetssirkelen på norsk. Trygghetssirkelen er ein tilknytingsmodell som er laga etter mange år med forskning på feltet. Det viktigaste målet deira var å kunne sette i gang tiltak så tidlig som mulig, for å hindre at vaksne sine problem slår rot hos barna når dei er små. Dette ved å endre kvaliteten på relasjonen mellom barn og omsorgsperson (Powell et al., 2015). Ein kan forstå trygghetssirkelen som ein modell, ei tilnærming, eller ein konkret metode for å utvikle trygg tilknytning mellom barnet og deira primære omsorgsperson (Powell et al., 2015). Trygghetssirkelen skal hjelpe omsorgspersoner til å sjå barnet innanfrå, auke sensitiviteten og forstå barnets signaler betre. Dersom det skjer ei endring hos omsorgspersonen, vil det også fører til ei endring hos barnet. Grunna at barnet er motivert til å gjere alt det kan for å oppretthalde kontakten med omsorgspersonen for overleving og trygghet (Powell et al., 2015, s. 38).

3.4 Trygg og utygg tilknytning

I følgje Killèn (2012) utviklar barn ein opplevelse av tillit eller mistillit til omverda avhengig av om dei får dekkja dei grunnleggande behova sine. Dette innebære at dei følelsemessige og fysiske behova

blir dekt på ein tilfredsstillande måte (Killèn , 2012). Ho seier at alle barn knyter seg til sine omsorgspersonar, men på ulikt vis, nokon utviklar trygg tilknytning medan andre utviklar utrygg tilknytning (Killèn , 2012). Drugli (2014) seier det er kvaliteten på samspelet mellom barn og omsorgsgivar som avgjer om tilknytninga blir trygg eller utrygg. Trygg tilknytning blir til når barnet gjentatte gongar opplever at omsorgspersonen er tilgjengeleg og viser sensitiv omsorg. Barn med trygg tilknytning stoler på at omsorgspersonen er tilgjengelig, og dermed er ikkje barnet avhengig av å vere nær omsorgspersonen heile tida. Eit trygt barn bruka tida si på å utforske omverden, barnet veit at det har ein trygg base, og kan vende tilbake når det er nødvendig. Trygg tilknytning fremmer barnet sine moglegheiter for å lære og mestre sine omgivelser og er også viktig for den kognitive utviklinga (Drugli, 2014). Det vil sei at i situasjonar der barnet blir usikker, redd og urolig, vil tilknytningssystemet bli aktivert, og behovet for å være nær omsorgspersonen melder seg. Barnet vil ikkje være i stand til å utforske og lære i slike situasjonar (Drugli, 2014). Ho viser til Smith (2002) som hevder vidare at barn med ein trygg tilknytning til sine omsorgspersoner, kun vil bli moderat forstyrra ved korte atskillelser frå dei og vise tydelege gjensynsglede (Drugli, 2014). Ein utrygg tilknytning kan oppstå når samspelet mellom barnet og omsorgspersonen ikkje er prega av forutsigbarhet og sensitivitet. Vidare meiner ho at ein utrygg tilknytingsrelasjon til omsorgsgivaren kan føre til at barnet får vanskar med å utforske omverda, fordi dei ikkje stoler på at dei har ein «trygg base» å utforske frå. Barn med utrygg tilknytning kan reagere ved å innta ein væremåte der dei klarar seg sjølv, og ikkje søker noko form for hjelp og støtte. Eller bli svært klengete til omsorgsgivar heile tida (Drugli, 2014, s. 28). Drugli (2014) viser til Smith (2002) som påpeiker at det er to former for utrygg tilknytning, utrygg unvikande tilknytning, og utrygg ambivalent tilknytning. Ho understrekar at ikkje alle barn med trygg tilknytning får ei god psykisk helse, og at ikkje alle barn med utrygg tilknytning utviklar vanskar (Drugli, 2014).

3.5 Tilknytingsforståelse og omsorgskvalitet i barnehagen

På lik linje med større krav til foreldra, er også kravet til barnehagepersonalet blitt større.

Barnehagen er ikkje lenger kun ein oppholdsplass medan foreldra er på arbeid, men eit pedagogisk tilbud der barn skal leike og lære. Omsorgsansvaret er blitt større og personalet har fått fleire viktige følelsesmessige foreldrefunksjoner. Killèn (2012) fortel at barn som begynner i barnehagen som 1-åringar er sårbare, dei har så vidt begynt å etablere tilknytningsmønster og regulere følelsar.

Barnehagepersonalet er viktige omsorgspersoner for alle barn, men for barn som befinner seg i vanskelige livssituasjonar og i ulike risiko- og omsorgsviktssituasjonar, kan ein trygg tilknytning til ein omsorgsperson utanfor kjernefamilien, gjere at dei klarer seg betre (Killèn , 2012, s. 16). «For å ta vare på trygg tilknytning, utvikle nye, kompletterande tilknytninger, samt kompensere for utrygg tilknytning, er det behov for relasjonskompetanse» (Killèn , 2012, s. 120). Vi kan sei at relasjonskompetansen er ein uunværlig kompetansen som barnehagelæraren har. I følgje Killèn

(2012) er det gjennom relasjonar at vi støtter barn i utviklinga, og hjelper dei som har behov for meir. Kompletterande tilknytning betyr å ha ein tilknytingsperson i foreldrenes stad, i følgje Killèn (2012). Vidare påpeikar ho at nokre barn, spesielt dei som er i ein vanskelig livssituasjon, har behov for kompensierende tilknytning. Det vil sei at barna treng hjelp til å handtere tankar og følelsar som dei slite med, samt ein relasjon som skapar tryggleik (Killèn, 2012, s. 16).

I følgje Sjøvik (2014, s. 222) meina Anne Sagbakken også at tilknytninga til ein ansatt i barnehagen kan fungere som ein kompensasjon, dersom tilknytninga til foreldra er utrygg. Vidare seier ho at ein tett og positiv relasjon til ein pedagog er det viktigaste førebyggjande tiltaket for eit barn med vanskelege heimforhold (Sjøvik, 2014). I 1990-åra blei primærkontaktmodellen innført i mange norske barnehaga, nettopp for å sikre nære relasjonar mellom barna og personalet. Modellen blir benytta i ulik grad, primærkontakt kan til dømes bli brukt i perioden når små barn begynner i barnehagen. Lene Lind som var med på utvikle ideen, hevda at det fremmer trygghet for barnet å vite kven «deiras» vaksne på avdelinga er. Ein primærkontakten har eit særlig ansvar for nokre barn på ei avdeling, og går bevisst inn for å etablere god kontakt med dei barna når dei begynner i barnehagen. Vidare hevdes det at når barnet er trygg i tilknytninga til primærkontakten, kan denne tryggleiken brukast som ein base for vidare utforsking av barnehagens miljø og andre relasjonar. At barnet veit at primærkontakten er der om naudsynt, skal skape tryggleik og ro til utforsking og læring (Drugli, 2014). Barnehagepersonale har fleire viktige funksjoner, også ein rekke funksjonar som foreldre har. Barnehagepersonalet må trøyste og hjelpe barn til å handtere belasta følelsar, og hjelpe dei med å utvikle evne til å regulere eigne følelsar. Barn som utviklar trygg tilknytning til sine foreldre, vil som oftast klare å overføre sin trygge tilknytning til personalet i barnehagen. Men dersom barn utviklar utrygg tilknytning, og kanskje lever i en familie som er utsatt for psykososiale belastningar, vil barnet ha vanskeleg for dette. Killèn (2012, s. 17) seier at barnehagen og personalet har ein svært viktig funksjon gjennom å gje barna erfaringar der dei kan avlære sine negative forventingar. Barn trenger ifølgje Sagbakken vaksne som er forutsigbare og som gjev barna ein opplevelse av å bli akseptert og av å være betydningsfull (Sagbakken, i Sjøvik, 2014, s. 222).

3.6 Omsorg og omsorgskvalitet

Omsorg er eit sentralt og aktuelt omgrep som alltid har stått sterkt i barnehagen sitt arbeid. Askland (2013) påpeiker at omgrepet omsorg må sjåast i eit historisk og kulturelt perspektiv. Han understrekar at det er viktig å sjå føre seg utviklingslinjene barnehagen har hatt, og som gjer at den i dag ser ut som den gjer (Askland, 2013, s. 56). «Asyltradisjonen», barnehagen som ein sosial oppbevaringsplass, er godt forankra i den oppfatninga som mange har av barnehagen. Askland (2013) viser til «frøbel- tradisjonen» som på bakgrunn av ideer om «barns vesen» innførte ideen om tidlig læring, påvirkning og oppdragelse. Disse tradisjonane føre både Lov om barnehager og

Rammeplanen med seg vidare. Rammeplanen knyter omsorg sterkt til relasjonane mellom menneska i barnehagen, både barn og vaksne ifølgje Askland (2013). Nærleik, innleving og varme er bestemmande kriterier for om omsorgsarbeidet er av god kvalitet eller ikkje (Askland, 2013, s. 57). Drugli (2014) viser også til rammeplanen, den seier at barnehagen i samarbeid og forståing med heimen skal ivareta barns behov for omsorg (Kunnskapsdepartementet, 2011). Ho meiner at dette seier noko om barns rett til omsorg, og om personalet si yrkesetiske forplikting til å handle omsorgsfullt overfor alle barn. Små barn lærer best i nær relasjon til vaksne, der omsorg er eit viktig element (Drugli, 2014, s. 99).

Vi kan dele omsorgsbegrepet i to, slik som Karen Jensen syner oss i boka til Askland (2013). Ho skil mellom *Den private omsorgen*, som er personorientert, og *Den profesjonelle omsorgen*, som er oppgåveorientert (Askland, 2013, s. 57). «Ein omsorgsrelasjon består av deltakere der begge bidrar og er aktive parter, og hvor forholdet mellom dem kjennetegnes av særlig kvaliteter som begge anerkjenner som omsorg» (Tholin, 2013, s. 20). Tholin (2013) viser til ein innfallsvinkel til omsorg som går ut på å tenke at barnet ikkje kun er mottaker men også kan både ta initiativ til og ikkje minst bidra med verbal eller kroppslig respons på den voksnes initiativ. Han understrekar ut i frå ein slik tankegang konstruerer omsorgsrelasjoner seg ved at begge parter deltar, og seier at omsorgsrelasjonen ikkje er fyllbyrdet før barnet har gitt respons til barnehagelæraren, eller vice versa (Tholin, 2013). Det er mange nyanser i dimensjoner ved omsorg og omsorgsarbeid. Kvaliteten på omsorgen i barnehagane vil variere, og Askland (2013) fortel at omsorg, og kvaliteten av denne, forutsetter at omsorgspersonane: evner å skape trygghet, er interessert i og ynskjer å ha det ansvaret omsorgen krever, gjev merksemd i her-og-no-situasjonar og handlar om grad av kontakt mellom barnet og omsorgsperson, innlevelse og desentrering (for eksempel at omsorgsgjevar utsetter tilfredsstillelse av egne behov), evnar å observere, evnar å tolke uttrykk ein har observert knytt til kunnskap om barns behov, alderstypiske trekk og utviklingsmessige uttrykk, og sist men ikkje minst, samhandling (felles fokus) (Askland, 2013, s. 67).

Omgrepet kvalitet har ifølgje Askland (2013) fleire perspektiv, det omfattar både barnehagen som system og de pedagogiske og relasjonelle prosessane i verksemda. Han snakkar i denne samanheng om kvaliteten i relasjonen mellom barn og vaksne (Askland, 2013, s. 61). Omsorgsbegrepet blir endå tydlegare, om ein ser på det som er motsatt, nemleg omsorgssvikt

3.7 Omsorgssvikt

Fråvær i omsorg, og kronisk bortfall av foreldrefunksjonen kan bety at barn kan komme i ei utviklingskrise, då barna ikkje får dekkja sitt omsorgsbehov (Sjøvik, 2014, s. 222). Omsorgssvikt er eit omfattande, samansett og eit smertefullt fenomen. Det handlar om lidelser, savn og mangler hos mange barn (Killèn, 2004). Omsorgssvikt er når foreldre eller dei som har omsorgen for barnet

påfører dei fysisk eller psykisk skade eller forsømmer det så alvorlig at barnets fysisk og/eller psykisk helse og utvikling er i fare. Det er i tillegg når barn utsettes for vanskjøtsel og seksuelle overgrep (Killèn , 2004, s. 35). Det kan også gjelde barn i fare fordi foreldra er ute av stand til å ta tilstrekkelig ansvar for barnet grunna foreldrenes psykiske lidning, rusmisbruk eller funksjonshemming (Killèn , 2004, s. 32). Vi veit at barn som lever under omsorgssvikt har si psykiske helse utsatt, og står i fare for å utvikle psykiske lidingar seinare i livet.

3.8 Psykisk helse

Barnehagen er på lik linje med skulen, ein viktig arena for forebygging av psykisk helse, og i ein artikkel publisert på Barnehagen.no skriv Ida Brandtzæg, Stig Torsteinsson og Guro Øiestad (2014) om nettopp dette. Dei understrekar at barnehagen er blitt ein viktig arena for tilknytning og utvikling av psykisk helse.

«Tilknytningspsykologien er en psykisk helseteori. Forskning bekrefter det vi har visst lenge; at erfaringer man gjør seg tidlig i livet har betydning for senere psykisk helse. Men i tillegg vet vi i dag mye om hvilke erfaringer som er av betydning. Barn har et grunnleggende behov som trumfer alle andre behov; Nemlig behovet for kontakt, spesielt kontakten som oppstår i nære og stabile relasjoner. Barns evne til å regulere egne tilstander og følelser kan ikke utvikles i et tomrom eller i relasjon til hvem som helst. Emosjonell utvikling skjer i relasjon til kjente og viktige voksne, og, danner det viktige grunnlaget for psykisk helse» (Brandtzæg et al., 2014).

Brændtzæg, Torsteinsson & Øiestad (2014) viser til resultater frå ein norske mor og barn-undersøkelse (publisert Mars 2014) som viser at god relasjon mellom voksne og barn i barnehagen ser ut til å være forbundet med bedre utvikling og mindre atferdsproblemer, viktige indikatorer på god psykisk helse (Brandtzæg et al., 2014). Foreldrene er det aller viktigaste i barna sitt liv, men dei vaksne i barnehagen trer inn på ein viktig andre plass. «Det de ansatte i barnehagen legger inn av omsorg, trøst, ømhet, glede og latter, kommer ut igjen som psykisk helse og mestring hos barna de jobber med. Personalets evne til å se og gi det barna trenger, og deres vilje til å reflektere over og videreutvikle seg selv som omsorgspersoner, bidrar til den psykiske helsen i befolkningen, intet mindre» (Brændtzæg et al., 2014). Killèn (2012) skriv også om både barnehagepersonalet og foreldrenes viktige omsorgsfunksjon, og at dens betydning for barnets psykiske helse, i boka *Førebyggende arbeid i barnehagen*. Ho seier at dei må evne å utvikle ein nokså realistisk oppfatning av barnet og dens behov, akseptere barnet, ha realistiske forventingar til barnets mestringsevne, dei må ha evne til å engasjere seg positivt og ha empati med barnet. Når de lykkes med disse omsorgsfunksjonene, legger dei eit godt grunnlag for barnets psykiske helse (Killèn, 2012, s. 118). Både pedagogikk og psykologi møtast i barnehagen og er avhengige av kvarandre. Det er viktig at

disse faglige perspektiva forenes i planarbeid og i den daglige omsorgen i barnehagen (Brandtzæg et al.,2014).

4 Empiri

Eg skal i denne delen presentere funn og data frå undersøkinga. Informantane er framstilt som informant 1, 2, og 3. Avgrensing vart gjort med bakgrunn i spørsmål og svar som har mest relevans for problemstillinga.

4.1 Omsorg og omsorgskvalitet i barnehagen

Det første spørsmålet handlar om omgrepet omsorg, og informantane var ganske like i svarea dei gav. Informant 2 svara nærleik, tryggleik og tilstedeværelse. Det same gjorde informant 3, og utdjupa: «ta dei på fanget, sjå dei, ta i mot dei». Informant 1 sa at omsorg er det viktigaste for barnet i barnehagen «at dei har omsorg, og vi viser omsorg». Informanten sa vidare at det var viktig å sjå ungen og «sjå at ungen ser at du ser han, sånn at han veit at han blir sett. Og at ein er på deira nivå, og at ungane er trygge, og føler at vi vaksne bryr oss om dei.»

På spørsmålet «korleis kjem omsorg til uttrykk på di avdeling?» snakkar alle informantane om at mottaket på morgonen er viktig, og at dei vaksne viser glede når barnet kjem. At barna og foreldre møter faste vaksne kvar dag, er også viktig meina ein av informantane. Dette er med på å skape tryggleik, i situasjonar det barn og vaksne kan være utrygge. Informant 3 seier at ein må ta barna opp, ha dei på fanget, trøyste dei, snakke med dei og ta seg god tida. Informanten viser til Cos sirkelen, og understrekar at ein må være ein trygg voksen, som er bevist og trygg på det ein gjer, ikkje bli stressa i situasjonar med skriking til dømes avskjedssituasjonar. I slike situasjonar er det også viktig å anerkjenne at dei er lei seg, uttrykkjer informanten. Avskjedssituasjonar kan også skape stress for små barn og Informant 1 uttrykkjer mellom anna at stress føre til forhøga cortisolnivå, og at dette kan føre til utfordringa på det sosiale når ein blir eldre, og i forhold til den psykiske helsa. Vist du har trygg tilknytning til ein person, er du jo med på å lære barna og regulere sine egne følelsar. Dersom dei ikkje blir møtt på dei behova, vil dei ikkje klare og regulere følelsane sjølv i stressande situasjonar. Vidare seier informanten at du tar dette med deg seinare, slik at når du kjem opp i stressande situasjonar når du blir eldre, så veit du fortsatt ikkje korleis du skal takle dei følelsane, eller korleis du skal takle ulike situasjonar.

Å ha fokus på at alle skal bli sett er også noko alle informantane meiner er viktig. Alle barn er forskjellige og har ulike behov, og alle trengje ganske mykje forskjellig type omsorg i løpet av ein dag. Informant 2 uttrykkjer at det er viktig å være til stades heile vegen, både i formidling til foreldra og til ungane, at alle blir sett, og at dei føler dei har ein verdi i barnehagen.

Vidare nemner informantane forskjellige uttrykk som dei meiner er viktige. Ein informant seier at det å dele opp i små gruppe, med ein voksen på 3-4 barn, gjer det enklare å sikre god kontakt med alle. Informant 2 fortel at dei startar med ein foreldresamtale, der dei snakkar om barnet sitt levde liv, her blir dei kjent med barnet på godt og vondt og dette er med på å trygge foreldra. Fordi dei kjem essensiell informasjon om barnet som personalet kan dra nytte av i arbeidet. Avslutningsvis påpeikar informanten at forutsigbarhet er viktig for små barn, slik at dei alltid veit kva dei har å forholde seg til. Informanten meiner dagsrytme, at barna veit kva den vaksne står for, og at personalet gjentar ting til det nesten blir kjedelig, er med på å skape tryggleik.

4.2 Tilknytning og barns utvikling av tilknytingsåtferd

Alle informantane meiner at tilknytning heng tett saman med omsorg. Informant 1 seier at tilknytning spesielt handlar om relasjonar mellom vaksne og barn. I tillegg forklarar informanten at det er foreldra som først og fremst er den trygge basen, og når barnet starta i barnehagen må dei bevege seg ut av den trygge base til foreldre, og fram og tilbake. Dei må få støtte og innspel på alt dei gjere, og etter kvart kan forhåpentlegvis personale i barnehagen bli den trygge tilknytninga til ungane. Her bekreftar informantane at nærleik er viktig. Informant 2 forklarar omgrepet tilknytning utifrå barna på si avdelinga i dag og seier: «etter kvart so dei har fått omsorg, dei føler seg sett, og dei utvikla seg, dei blir sosiale, dei tør å gå lenger og lenger vekk frå oss, so tenker eg då har vi oppnådd ein trygg tilknytning. Dei veit at vi er der, dei ropa på oss, og dei vil sitte på fange, dei vil holde handa, dei vil vi skal sitte att med dei då vi skal ete, då tenker eg då er vi komen dit. Då må vi holde på den.» Informant 3 knyter tilknytning og tilvenning saman og påpeikar at dei nyttar seg av primerkontakt, og at dette skal gjere tilknytninga enklare fordi barna skal sleppe å forholde seg til så mange vaksne i starten. Barna blir fordelt på personalet utan at dei kjenner barna skikkeleg. Informanten hevdar det er viktig å starte med blanke ark, og at personalet ikkje skal kunne begynne å plukke seg «favoritt barn». Dette skal sikre at alle får merksemd, samtidig som ein er klar over at alle har forskjellige behov.

Eg stilte spørsmålet: «Kva tenker du er viktig for at barnet kan danne ein trygg tilknytning til tilsette i barnehagen?» Her svara informantane noko ulikt. Blant anna meiner informant 1 at det er fleire ting som spelar inn og nemner primerkontakt som eit eksempel. Informanten fortel at dei ikkje har hatt fokus på dette på si avdeling fordi barna var kjente i barnehagen frå før, og påpeikar at det alltid følger med ein tilsett frå tidligare avdeling, til ny avdeling. Informant 1 seier i tillegg dette:

«Men då tenke eg litt sånn at la ungen komme til meg, eg vise at eg er der, vise entusiasme ovanfor ungane, være positiv og gla, og vise at her er eg og eg skal vær her med dokke og vi skal bli kjent vi, etter kvart. Du må ned på nivå til ungane så må ungane få komme so fort dei klara eller vil.»

Informant 2 nemner komfortsona til ungane som ein vesentlig faktor, ein sakte tilnærming, det handlar om kva du veit om ungen frå før og korleis du nærma deg. Informanten viser til eit tidligare spørsmål om korleis omsorg kjem til uttrykk på avdelinga, der informanten mellom anna svara at det var viktig å bli kjent med barnet, vite noko om barnet sitt levde liv, på godt og på vondt, og bruke dette i jobben. Slik kan ein kanskje unngå å gjere store overtramp, fordi ein veit kva som er greitt for barnet, og kva som ikkje er det. Å vite kva som gjere barnet glad, redd og usikker er viktig å være klar over, fordi det har noko med kor nært ein kan gå i byrjinga.

Informant 3 fortel om tilvenning og tilknytningsprosessen og viktigheten av ein god foreldrerelasjon. Informanten nemner ting som å være rolige og ikkje for pågåande, men invitere barnet eller seg sjølv inn i leiken. Det er også viktig å ta seg god tid i tilvenninga. Tre daga er eit minimum for tilvenning, og når det når det gjelde tilknytninga, må ein ha veldig klare avtaler med foreldra, i levering og hentesituasjonar. Informanten uttrykker dette:

«At når mor eller far kjem, eller skal gå, så må dei sei hade til barnet sitt å so må dei gå. Fordi, vist du er sånn som vingla veldig, so blir barnet utrygg på, skal mamma reise no, eller skal ho ikkje reise no. Å så har du nokon foreldre som syns det er veldig leit, å når eg seie nokon så meina eg alle. Alle syns det er veldig trist å reise frå barnet sitt om det skrike. Så det går og litt på at vi må stole på kvarandre som vaksne. Det er viktig å skape tillit mellom foreldra, foreldra må stole på at eg som jobba, gjer det beste for deira barn. Det gjer du og faktisk på tilvenninga, eller i tilknytningsperioden. Det er ikkje berre barnet du skal skape trygt, det er og foreldra.»

4.3 Tryggheit og trygge rammer

Eit av spørsmåla handlar om kva som var det viktigaste i arbeide knytt til tryggheit hos dei minste. Her var alle informantane samde om at det var viktig å være nær ungane, gjerne på golvet. Ein må ned på deira nivå og være tilstade for barna. Informant 1 presiserte dette i forhold til tryggleikssirkelen, at barna kan bevege seg inn og ut igjen, slik som dei trengje det, og at ein som vaksen må være der, klar for å dekkje deira behov. Informant 1 og 2 meinte begge at det er svært viktig å lese ungane og kroppsspråket til ungane. Informant 3 understrekar leiken som svært viktig, at ein er nede på golvet og med på leiken. Og uttrykkjer vidare at ein lyt være der å støtte dei, og hjelpe dei å lære seg å leike.

Avslutningsvis i intervjuet stilte eg eit spørsmål om kva den enkelte tenkte som viktige faktorar for å førebygge god psykisk helse og eg vil her gjere greie for kva informantane sa om dette. Felles for alle tre informantane var at dei svara tryggheit hjå barna og personale som ein viktig faktor. Informant 2 seier dette: «eg tenkjer litt detta her med kva type vaksen persona har du i barnehagen, kor gode er dei, kva bakgrunn har dei og kva står dei for». Informant 3 seier trygge rammer og trygt og stabilt

personale. Informanten uttrykker: «personalet som ser ungene, som bryr seg om ungene, som vil jobbe i barnehage». Vidare seier informanten at det er viktig at ein som pedagog og sjef, tør å sjå og ta samtalen med personalet om ein har personale som ikkje passar inn. Barna må også være trygge på dei vaksne, dei må vite at dei kan komme opp på fanget vist dei er lei seg og dei skal vite kor dei har oss, legg informanten til.

Informant 1 snakkar om at barnehagen må være beviste på den jobben dei gjere og kva betydning det har for barn seinare. Ein må tenkje over kva ein kan påverke og ikkje. Deretter kan ein gå i detalj, her uttrykker informanten kor viktig det er at barna er trygge, har gode relasjonar, trivast, og att barna har ein arena der dei kan utvikle seg, prøve ut ting som er litt skummelt og utfordra ungene litt. Informanten fortel at det er viktig å mestre sosiale samanhengar og å være trygg på dei som dei er med i både store og små grupper. Ein må også kunne litt om teikn som ein skal sjå etter, i forhold til om eit barn er i faresona for å få problem. Slik at ein kan fange det opp, og jobbe med det, avsluttar informanten.

5 Drøfting

Eg vil her drøfte hovudfunna frå empirien og diskutere dette i lys av teoriforankringa i del 3. For vidare å kunne svare på problemstillinga: *Korleis kan pedagogisk leiar i barnehagen skape gode rammer for barn si psykiske helse?*

5.1 Personalet si bevisstheit knytt til profesjonell omsorg og omsorgskvalitet

Når det gjaldt omgrepet omsorg svara informantane at nærleik, tryggleik og å vere tilstade var viktig. Dette samsvarar med det Askland (2013 s., 57) meiner er bestemmande kriterier for om omsorgsarbeidet er av god kvalitet eller ikkje. Den eine informanten sa at det var viktig å sjå barnet og uttrykker: «sjå at ungen ser at du ser han, sånn at han veit at han blir sett.» Dette er i tråd med det Tholin (2013) seier om at omsorgsrelasjonen ikkje er fyllbyrda før barnet har gitt respons tilbake til barnehagelæraren. Han seier at begge partar må delta i omsorgsrelasjonen og at barnet ikkje kun er mottakar, men likefullt kan ta både initiativ til og bidra med verbal eller kroppslig respons på den vaksne sitt initiativ. Å ha fokus på å sjå alle barna sa alle informantane var viktig. Informant 1 seier at å dele opp i små gruppe, med ein vaksen på 3-4 barn, gjer det enklare å sikre god kontakt med alle. Dette krev at ein må ha nok personalressursar. Vidare uttrykker informanten at det er viktig å sjå alle barna, fordi alle er forskjellige og har ulike behov. Dette gjer at barna treng mykje forskjellige type omsorg i løpet av ein dag. Informant 2 uttaler at alle barn skal føle at dei har ein verdi i barnehagen. For barn handlar omsorg i stor grad om å kjenne seg trygg (Powell et al., 2015). Informantane snakkar om at det er viktig å skape tryggleik og vere ein trygg vaksen. Informant 3 seier at ein viser

omsorg når ein tar barna opp på fanget, trøystar og snakkar med dei, vidare viser informanten til cos sirkelen, og understrekar at ein må være ein trygg voksen, som er bevist og trygg på det ein gjer.

Askland (2013) seier at kvaliteten på omsorga i barnehagen kan variere. Blant anna er det ein føresetnad at omsorgspersonane evnar å skape tryggleik, er interessert i og ynskjer å ha det ansvaret omsorga krev, gjev oppmerksomheit i her-og-no-situasjonar og handlar om grad av kontakt mellom barnet og omsorgsperson, innleving og desentrering, evnar å observere, evnar å tolke uttrykka ein har observert knytt til kunnskap om barns behov, alderstypiske trekk og utviklingsmessige uttrykk, og sist men ikkje minst, samhandling (Askland, 2013, s. 67). Eg opplever at alle informantane meiner at mottaket på morgonen er viktig for å skape tryggleik, både for barna og for foreldra. Dei vaksne må også vise glede når barna kjem. Avskjedssituasjonane på morgonen kan være prega av skriking og her understrekar informantane viktigheten med å være ein trygg voksen og ikkje bli stressa i slike situasjonar. Det er betryggande å sjå at informanten også uttrykker at ein skal anerkjenne at barna er lei seg. Ein anna informant snakkar om cortisolnivået til barna som blir forhøgga når barna blir stressa. Ifølgje Drugli (2014) meiner Dalli (2010) at stressande situasjonar oppstår når barnet ikkje har kontroll over det som skjer og der det ikkje er nære vaksenpersonar som kan støtte og berolige dei (Drugli, 2014, s. 61). Dette syner oss at ein trygg tilknytning til ein person, vil være med på å hjelpe barna å regulere sine egne følelsar, og at vist ein ikkje blir møtt på det, kan barna få problem med å regulere egne følelsar, slik informant 1 påpeikar. På kort sikt vil eit høgt cortisolnivå kunne hjelpe eit barn til å takle vanskelege situasjonar, derimot vil eit høgt cortisolnivå på lang sikt, påføre barnet ulike former for problem. Bowlby (2007) meiner at eit forstyrra cortisolnivå sannsynlegvis vil påverke utviklinga av hjernen (siteret av Drugli, 2014, s. 62). Det er endå gjort lite forskning på felte, men vi kan lese at Laupien (et al., 2009) seier at det i nokre studiar er funnet at forhøgga stressnivå over tid kan føre til endringar av hjernestrukturen som har med hukommelse, læring og psykisk helse å gjere (Laupien, i Drugli, 2014, s. 62).

5.2 Personalet si rolle i barns utvikling av trygghet og tilknytingsåtferd

Drugli (2014) seier at tilknytning handlar om at barnet raskt må knytte seg til nokon som kan ta hand om det, og at dette først og fremst er foreldra. Vidare viser ho til Smith (2002) som meiner små barn knyter seg til personer som er stabilt tilstade i livet deira, som gjev dei fysisk og emosjonell omsorg og som er villige til å inngå i ein positiv, nær og forutsigbar relasjon til dei (Drugli, 2014, s. 21). Alle informantane meina at tilknytning heng tett saman med omsorg. Informant 1 seier tilknytning spesielt handla om relasjonar mellom vaksne og barn. Informanten viser til den trygge basen, og seier vidare at det først og fremst er foreldra som er den trygge basen. Dette er i tråd med Bowlby sin tilknytningsteori som forklarar korleis barna knyter emosjonelt band først til de nærmaste omsorgspersonene, deretter andre (Askland & Sataøen, 2013, s. 64). Informanten forklarar vidare at

når eit barn begynner i barnehagen må dei bevege seg inn og ut av den trygge basen til foreldra, og få støtte og innspel på alt dei gjer, for så at personalet etter kvart kan bli den trygge tilknytningen til barna. Nærleik er viktig, understrekar Informanten. «Trygg base» er ein sentral faktor i tilknytningsprosessen, ifølgje Bowlby, og eit viktig omgrep i tryggleikssirkelen. Det syner at personalet er tryggleikssirkelen bevisst.

Powell (et al., 2015) seier at barnet føler tryggleik når dei har ein omsorgsperson som alltid gir trøyst og beskyttelse (ein trygg havn) og oppmuntring (ein trygg base å utforske frå) (Powell et al., 2015, s. 46). Dette betyr at den som representerer trygghet for barnet, må være forutsigbar og stabil. Askland (2013, s., 62) seier at dersom barnet ikkje veit kva slags reaksjonar dei får av omsorgspersonen, vil ikkje barnet ha ein følelsesmessig trygg base. Den eine Informanten peikar på viktigheten av at ting er forutsigbart, spesielt for små barn. Slik at barna alltid veit kva dei har å forholde seg til. Dette handlar om vaksenrolla og informanten forklarar at det er viktig at barn veit kva den vaksne står for. Vist samspelet mellom barnet og omsorgspersonen ikkje er prega av forutsigbarhet og sensitivitet kan det opptstå ein utrygg tilknytning, slik Drugli (2014) peikar på. Som vi ser seier både Askland (2013) og Drugli (2014) noko om kor viktig forutsigbarhet er, og det er betryggande å sjå at informantane også er dette bevisst. Vi veit at ein utrygg tilknytningsrelasjon til omsorgsgivaren kan føre til at barnet får vanskar med å utforske omverda, fordi dei ikkje stoler på at dei har ein trygg base å utforske frå.

Informant 3 understrekar også at det er viktig å skape tillit til foreldrene, foreldrene må stole på at eg som jobbar i barnehagen, gjer det beste for deira barn. «Det gjer du og faktisk på tilvenninga, eller i tilknytningsperioden. Det er ikkje berre barnet du skal skape trygt, det er og foreldra» avsluttar informanten.

5.3 Personalet si rolle i barns utvikling av god psykisk helse

Ifølgje Brandzæg m.fl (2014) er barnehagen ein viktig arena for forebygging av psykisk helse og dei understrekar at arbeid med barns tilknytning er ein del av dette. Alle dei tre informantane mine sa at dei la vekt på at borna utvikla tryggheit og at dette var ein viktig faktor for å førebygge god psykisk helse. Dette var noko dei er bevisst på i sitt daglege arbeid med borna. Den eine av informantane, informant 1, presiserte dette i forhold til tryggleikssirkelen, at barna kan bevege seg inn og ut igjen, slik som dei trengje det, og at ein som vaksen må være der, klar for å dekkje deira behov.

Tryggleikssirkelen kan forståast som ein modell, ein tilnærming, eller ein konkret metode for å utvikle trygg tilknytning mellom barnet og deira primære omsorgsperson (Powell m.fl. 2015).

Tryggleikssirkelen skal hjelpe omsorgspersoner til å sjå barnet innanfrå, auke sensitiviteten og forstå barnets signaler betre. Dette er i tråd med det mellom anna Brandzæg m.fl (2014) peikar på at personalets evne til å sjå og gje det barna trengjer, og deira vilje til å reflektere over og vidareutvikle

seg sjølv som omsorgspersoner, bidrar til den psykiske helsa i befolkninga. Også Killèn (2012) skriv om blant anna barnehagepersonalet viktige omsorgsfunksjon og betydning for barnets psykiske helse. Ho seier mellom anna at dei må evne å utvikle ein nokså realistisk oppfatning av barnet og dens behov, akseptere barnet, ha realistiske forventningar til barnets mestringsevne, dei må ha evne til å engasjere seg positivt og ha empati med barnet (Killèn, 2012). Vidare sa informant 2 at det handlar mykje om kva slags type vaksne ein har i barnehagen, kor gode dei er og at kva dei står for er viktig. Informant 3 uttrykkjer at trygge rammer og trygt og stabilt personale er avgjerande, og at personalet ser barna, bryr seg om barna, og ynskjer å arbeide i barnehagen. Informanten viser slik betydninga av å sikre personell i barnehagen som evner å utvise ein genuin ekthet og interesse for borna. Dersom personalet ikkje er bevisst på eiga betydning, kan ein stå i fare for å bidra til at borna ikkje utviklar ei optimal god psykisk helse, slik mellom anna Drugli (2014) syner oss. Ho seier at barn har ein trygg tilknytingsrelasjon til fleire personar, ikkje berre til dei primær tilknytingspersonane men også sekundær tilknytingsrelasjonar, er med på å fremme barns trivsel og psykiske helse (Drugli, 2014).

Informant 1 peikar på viktigheten av å fange opp dei som er i faresona for å få problem. Dette krev at ein må kunne litt om teikn som ein skal sjå etter, seier informanten. Barnehagen arbeider med eit interkommunalt prosjekt kalla for tidlig innsats, dette har fokus på tryggleik og tilknytning knytt til dei minste barna, og skal ruste personalet gjennom kurs, teori og veiledingsgrupper, til å sjå og fange opp dei som er i faresona for å få problem. Det kan vær barn med utrygg tilknytning og/eller barn som lever i utsatte livsituasjonar, til dømes under omsorgsvikt. Og vi veit at desse barna kome i ei utviklingskrise, slik Sjøvik (2014, s.222) peikar på, samstundes som dei er spesielt utsatt for å utvikle psykiske lidningar seinare i livet, om dei ikkje får omsorgsbehovet sitt dekkja.

Eg opplever at prosjektet har ein viktig funksjon både når det kjem til kompetanseheving og bevisstgjerjing for personalet i barnehagen. Informant 3 sa at dei lære kva som faktisk kan skje vist ein ikkje sette dette på dagsorden, og at nokre av bøkene dei les, enda opp med sjølv-mord. Informantane viser forsting mellom utrygg tilknytning og psykiske lidningar seinare i livet og understrekar at dei viktigaste åra i livet er barndommen. Informant 3 seier vidare at det er her ein leggje grunnlaget for korleis ein blir som person. Ein har eit veldig viktig ansvar i ein barnehage, meir enn ein trudde før, før var barnehagen berre ein oppbevaringsplass, men no ser vi kor viktig barnehagen er. Og det blir viktigare for kvart år som går. Informanten avsluttar med å sei at desto meir forskning som blir gjort på barn tidlig i barndommen, desto meir vil barnehagen bli løfta opp.

5.4 Samanheng mellom personelet si bevisstheit av eigen rolle og betydninga av den sett i lys av faktorar for å styrke eit barns utvikling av god psykisk helse

Informantane ga i intervju inntrykk av å vere bevisst betydninga av eiga pedagogiske rolle i arbeidet med barnehagebarna. Dette viste seg i deira svar og refleksjonar rundt spørsmåla eg stilte.

Eksempelvis ga dei alle uttrykk for, ved å vise til eiga kvardagspraksis, å framstå slik at barna opplevde ein eigenverdi. Her viste dei til måten barnehagen systematisk jobbar både med barna og foreldra på. Alle informantane meiner mottaket på morgonen er viktig for å skape tryggleik, både for foreldra og barna. Den eine informanten knyt tilvenning og tilknytingsperioden saman og seier «det er ikkje berre barna du skal skape trygt, det er og foreldra». Eg forstod på informanten at det var særst viktig å gjere foreldra beviste på kva dei seier og korleis dei opptrer i avskjedssituasjonar, fordi barna lese kroppsspråk og dersom foreldra er utrygge og held tilbake, vil barna reagere negativt på dette. Av den grunn var formidling og trygging også av foreldra verdifullt. Vidare sa alle informantane at det var betydingsfullt å syne glede over å sjå barna om morgonen, ta dei på fanget og trøyste dei om det er naudsynt. Om det blei skriking ved levering måtte den vaksne opptre roleg og trygg, å anerkjenne at barna er lei seg. Det betyr at pedagogen må ver til stades og vise nærleik for å skape gode rammer. Med nærleik fortel informantane at du må være tilgjengelig, gjerne på golvet der dei minste barna tilbringar store delar av dagen, men også løfte dei opp, ha dei på fanget og gje kos og klem. Relasjonen dei bygger til barna gjennom sin fysiske og psykiske nærleik bidreg til ein god tilknytingsprosess.

Informant 2 ga uttrykk for: «Eg tenkjer litt detta her med kva type voksen persona har du i barnehagen, kor gode er dei, kass bakgrunn har dei og kva står dei for». Informant 3 seier trygge rammer og trygt og stabilt personale. Informanten uttrykker: «personalet som ser ungane, som bryr seg om ungane, som vil jobbe i barnehage». Alle informantane snakka om primærkontaktmodellen i løpet av intervjuet, men under forskjellige spørsmål. Pedagogane praktiserer primærkontaktmodellen i noko ulik grad. Men Alle uttrykkjer at målet er at barnet skal forhalde seg til færre personar i ein oppstart, og slik sett sikre at barnet får ein trygg tilknytning til den eine. Dette er i tråd med det Drugli (2014) skriv om primærkontaktmodellen si hensikt, nettopp å sikre nære relasjonar mellom barna og personalet. Den eine informanten uttrykkjer at det er vanskelig å få den til å fungere godt nok. Informanten fortel at barna ofte byter vaksne, alt etter kva dei treng. Nokre brukar også lang tid i tilvenninga. Vidare understrekar informanten at nokre barn har behov for at det er same person som møter barnet heile tida, men at dei er faste vaksne på avdelinga som møter alle barna kvar dag og at det er viktig at alle vert godt knytta til kvart enkelt barn. Modellen blir benytta i ulik grad, slik både informantane og Drugli (2014) viser. Informantane var opptekne av å fremme tryggleik, men den eine informanten nytta seg av primærkontaktmodellen i mindre grad, og satsa heller på at barna skal

bli godt nok kjent med alle. Slik sett er ein ikkje så sårbar om primærkontakten er vekke, for primerkontaktmodellen forutsetter eit fast og stabilt personalet. Noko informantane understrekar som grunnleggande. Den eine informanten peikar på stabilitet, forutsigbarhet og tryggleik som grunnleggande behov for barnehagebarn. Desse er alle knytt til vaksenrolla og viser igjen den vaksne sin betyding.

6 Konklusjon

Oppsummert meiner eg at informantane, gjennom sin praksis, klarer å skape gode rammer for barna i barnehagen dei jobbar i. Personalet sin kunnskap, haldning og praksis gjer at dei verkar å jobbe førebyggjande gjennom ein reflektert og systematisk tilnærming til barna i denne barnehagen. Dei framstår som eit barnehagepersonell som klarar å foredle faget på ein god måte, med å skape trygge rammer for barna, ha fokus på trygg tilknytning og den si betyding. Dei er og opptekne av å dekke barna sine grunnleggande behov, både emosjonelt og fysisk og handlar omsorgsfult. Dei evner å sjå alle barna, trøyser dei og viser glede. Det er gjennom ein slik praksis at ein hindrar skeivutvikling og bidreg til at tilknytingsprosessane ikkje forstyrrast. Barnehagebarna er prisgitt eit kompetent og omsorgsfult personell og eg opplever at informantane var bevisst si eiga rolle og ikkje minst krav til yrkesutøving.

Barnehagepersonalet er kanskje den mest betydingfulle faktoren for å sikre kvalitet i barnehagen. Det må være nok hender og fang til å gje alle barna den omsorga og tryggleiken dei har behov for. Forskinga er fortsatt mangelfull med tanke på kva som bør vere personellnorm eller norm knytt til størrelse på barnegrupper. Eg har likevel ikkje møtt barnehagetilsette som seier at små barn trivast best i, og har godt utbytte av, store barnegrupper med få personell. Eg ser det derfor som viktig å sikre barnehagane nok personalressursar i framtida, og ser det naudsynt å få innført ei nasjonal bemanningsnorm i barnehagen. Som eit proaktivt tiltak vil dette koste, då blir det viktig å tenke kva effekt det har i det førebyggjande aspektet - menneskeleg og økonomisk, og sikre at det får prioritet.

Avslutningsvis peikar eg på at den psykiske helsa til barna vanskeleg lar seg måle i fasen 1 – 3 år – sjølv om åtferda sjølv sagt vil vere ein viktig indikator. Den psykiske helsa vil manifestere seg jo eldre barnet blir. Her er skulealder, pubertet/tenår og ung vaksen alder viktige periodar i barnet sitt liv som ein med større grad av kvalitet kan måle – spesielt fordi barnet då sjølv er i stand til å svare. Studiar av barn i desse livsfasane vil tilføre samfunnet verdifull kunnskap. Dette spesielt med tanke på samfunnets moglegheit for å skape rammar som sikrar barna livskvalitet som unge vaksne og vaksne. Slike studiar vil og ha betyding i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Dette i form av budsjettering av tilpassingstiltak i barnehageomsorga. Men like viktig - og kanskje viktigast - i eit meir langsiktig

perspektiv. Dette då god omsorgskvalitet i barnehagen vil bidra til at barna ikkje vil vere avhengig av kostnadskrevjande helse og omsorgstjeneste seinare i livet som følgje av ein dårleg omsorg i barnehageåra.

7 Referanser

- Askland, L. (2013). *Kontakt med barn*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Askland, L., & Sataøen, S. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. Oslo: Gyldendal .
- Drugli, M. (2014). *Liten i barnehagen*. Cappelen Damm AS.
- Jacobsen, D. (2015). *Forståelse, beskrivelse og forklaring*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Killèn , K. (2004). *Sveket*. Kommuneforlaget AS.
- Killèn , K. (2012). *Forebyggende arbeid i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Kunnskapsdepartementet. (2009, Mai 29). *St.meld. nr. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen*. Henta Desember 10, 2016 frå www.regjeringen.no:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-41-2008-2009-/id563868/>
- Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for innholdet i og oppgåvene til barnehagen* . Bergen: Kunnskapsdepartemente .
- Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Powell, B., Cooper, G., Hoffman, K., & Marvin, B. (2015). *Trygghetssirkelen*. Oslo: Gyldendal Norske Forlag AS.
- Ringdal, K. (2014). *Enhet og mangfold*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Sjøvik, P. (2014). *En barnehage for alle*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Statistisk sentralbyrå. (2016, April 20). *Statistisk sentralbyrå [SSB]*. Henta Desember 10, 2016 frå www.ssb.no: <http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager/aar-endelige/2016-04-20#content>
- Tholin, K. R. (2013). *Omsorg i barnehagen* . Bergen: Fagbokforlaget.

Vedelgg 1

Intervjuguide pilotstudie

Generelt om informanten

- 1) Alder
- 2) Kjønn
- 3) Stilling/utdanning
- 4) Anna erfaring

Spørsmål knytt til temaene

Omsorg

- 5) Korleis vil du definere omsorg i ditt praktiske arbeid?
- 6) Korleis kjem omsorg til uttrykk på din avdeling?
- 7) Kva legg du i omgrepet trygg tilknytning?
- 8) Stadig fleire barn i Norge får omsorg av profesjonelle i løpet av sine første leveår, kva trur du dette har å sei for barns mulighet til å utvikle ein trygg tilknytning?
- 9) Kva tenkjer du om di utøving av omsorg og kvaliteten ved omsorga knytt til kompetanse? Har utdanninga bidrege til at du har god nok kompetanse?
- 10) Korleis bidreg du til at ditt personale har god nok kunnskap og har «gode nok» ferdigheiter i å utøve profesjonell omsorg?
- 11) Kva tenkjer du kring di rolle som omsorgsgivar og betydning knytt til små barns utvikling? Tenker du på dette i det daglege når du utøver omsorg?

Tilknytning

- 12) Kva tenkjer du er viktig for at barnet kan danne trygg tilknytning til ansatte i barnehagen?
- 13) Kva legg du i omgrepet utrygg tilknytning?
- 14) Tenkjer du at de minste barnas tilknytningsbehov blir/kan bli godt nok ivareteke i barnehagen?
- 15) Vektlegges barnas behov for tilknytning nok?
- 16) Korleis arbeidar de med tilknytning i barnehagen?
- 17) Har de spesielt fokus på arbeid med og styrking/utvikling av barns tilknytning og tilknytningsatferd? Isofall; har de konkrete arbeidsmetodar for arbeid med dette? Kan du

kome med døme?

- 18) Kva meiner du det krevest av resusurser, å sikre gode tilknytningsprosesser?
- 19) Tenkjer du at de har nok bemanning og ein kvardag som bidreg til at de kan sikre og arbeide godt med barn og barns tilknytningsatferd?

Tryggheit

- 20) Kva tenkjer du er det viktigaste arbeidet knytt til dei minste barna gjennom barnehagekvardagen?
- 21) Tilknytningsrelatert forskning viser samanhengen mellom utrygg tilknytning i barndommen og psykososiale vansker hos ungdom og vaksne, Kva tenkjer du om dette? Er psykisk hels eit gjennomgåande tema i barnehagen?
 - Kvifor/kvifor ikkje
 - Korleis vert dette arbeid med i din barnehage?
- 22) Kva tenkjer du er dei viktigaste faktorane for å førebygge god psykisk helse?

Avslutning

- 23) Er det andre faktorar du ynskjer å trekkje fram som viktige for å sikre barn god omsorg og kvalitet i omsorg?

Vedlegg 2

Intervjuguide

Generelt om informanten

Alder
Kjønn
Stilling/utdanning
Anna erfaring:

Spørsmål knytt til temaene omsorg, tilknytning og tryggleik

Omsorg

- 1) Kva legg du i omgrepet omsorg?
- 2) Korleis kjem omsorg til uttrykk på din avdeling?
- 3) Stadig fleire barn i Norge får omsorg av profesjonelle i løpet av sine første leveår, kva trur du dette har å sei for barns mulighet til å utvikle ein trygg tilknytning?
- 4) Kva tenkjer du om di utøving av omsorg og kvaliteten ved omsorga knytt til kompetanse?
 - a. Korleis har utdanninga bidrege til at du har god nok kompetanse?
 - b. Er det behov for meir kompetanse for å utøve profesjonell omsorg, og i så fall kva er mangelfullt?
 - c. Korleis bidreg du til at ditt personale har god nok kunnskap og har «gode nok» ferdigheiter i å utøve profesjonell omsorg?
- 5) Kva tenkjer du skil profesjonell omsorgsutøving frå omsorg gitt av nære omsorgspersona?
 - a. Kan eit eventuelt gap her kompenseres for? Og i så fall korleis?
- 6) Kva tenkjer du kring di rolle som omsorgsgivar og betydninga den har for små barns utvikling? Kor stort fokus har dette hos deg i din daglige omsorgsutøving?

Tilknytning

- 7) Kva legg du i omgrepet trygg tilknytning?
- 8) Kva tenkjer du er viktig for at barnet kan danne trygg tilknytning til ansatte i barnehagen?
- 9) Kva legg du i omgrepet utrygg tilknytning?
- 10) Korleis tenkjer du at de minste barnas tilknytningsbehov kan bli godt nok ivareteke i barnehagen?
- 11) Vektlegges barnas behov for tilknytning nok?
 - b. Om ja → korleis?
 - c. Om nei → kva må til?
- 12) Korleis arbeidar de med tilknytning i barnehagen?

13) Kva meiner du det krevast av ressurser (menneskelige og økonomiske) for å sikre gode tilknytningsprosesser?

Tryggheit

14) Kva tenkjer du er det viktigaste i arbeidet knytt til det å bidra til tryggheit hos dei minste barna gjennom barnehagekvardagen?

15) Tilknytningsrelatert forskning viser samanhengen mellom utrygg tilknytning i barndommen og psykososiale vansker hos ungdom og vaksne, kva tenkjer du om dette?

16) Er psykisk helse eit gjennomgåande tema i barnehagen?

d. Om ja → korleis vert dette arbeidd med/løfta fram?

e. Om nei → Kvifor/kvifor ikkje

17) Kva tenkjer du er dei viktigaste faktorane for å førebygge god psykisk helse?

Avslutning

18) Er det andre faktorar du ynskjer å trekkje fram som viktige for å sikre barn god omsorg og kvalitet i omsorg?

Vedlegg 3

Informasjonsskriv og forespørsel om deltakelse i intervju

Student: Karianne Fossheim, Høgskulen i Sogn og Fjordane, avd. Sogndal.

Eg er barnehagelærarstudent ved høgskulen i Sogn og Fjordane avd. Sogndal. Dette er mitt siste året og i den forbindelse skal eg skrive ei bacheloroppgåve. Tema for oppgåva er tilknytingsprosessar og utvikling av god psykisk helse. Mi problemstilling er: ***Korleis kan pedagogisk leiar i barnehagen skape gode rammer for barn si psykiske helse?***

Intervjuet vil være knytt til problemstillinga, og eg lurar på om du vil stille opp som ein informant?

For å skaffe data til denne oppgåva vil eg gjennomføre kvalitativ intervju med tre pedagogiske leiarar frå småbarnsavdeling. Det er ynskjelig å nytte bandopptakar slik at intervjuet blir mest mulig korrekt, og slik at vi kan konsentrere oss kun om samtalen. Opptaket vil bli sletta så snart eg har transkribert intervjuet. Informantar og andre opplysningar i bacheloroppgåva vil bli anonymisert.

Eg vil ta kontakt for nærare avtale, og håper du har lyst å være med. Har du spørsmål kan du kontakte meg på telefon: 95928712, E-post: Karianne-fossheim@hotmail.com

Du kan også kontakte min rettleiar Merete Nornes-Nymark, ved Høgskulen i Sogn og Fjordane på E-post: Merete.nornes.nymark@hisf.no

Med vennleg helsing

Karianne Fossheim